



Seim Bygg AS  
Nesbrekka 28  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7935 - 15/2409

Saksbehandlar:  
Kristin Nielsen  
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:  
04.02.2015

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 137/747

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.12.2014, samt tilleggsdokumentasjon 03.02.2015.

### Mottakskontroll

Vi takkar for den innstendte tilleggsdokumentasjonen.

For eit av punkta som vi etterspurte informasjon om i vårt brev datert 28.01.2015 har vi ikkje motteke oppdatert materiale. Vi ber om at dokumentasjon i tråd med dette punktet vert sendt inn:

1. Situasjonskartet må sendast inn på nytt, påført med avstandsmål frå bygningen til eigedomsgrensa mot nordvest, dvs. mot gbnr. 137/748, og mot sørvest, dvs. mot gbnr. 137/289. Den utvendige trappen/tilkomsten frå øvste til nedste nivå utvendig må også visast på situasjonsplanen.

*Vi vil for ordens skuld gjere merksam på at dersom avstanden frå fasadelivet skulle vere under 4,0 meter, jf. plan- og bygningslova § 29-4, eller under 3,0 meter for utstikkande bygningsdeler, jf. TEK § 6-3, må de enten sende inn skriftleg dokumentasjon som syner at eigarane av gbnr. 137/748 og/eller eigarane av gbnr. 137/289 samtykker i dette, eller de må søkje om dispensasjon frå avstandskrava.*

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 28.02.2015**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Med helsing

Kristin Nielsen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Seim Bygg AS

Nesbrekka 28

5912

SEIM